

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 1 – 2016

Årgang 46



INNHALD

Andakt av Gunn Berit Bøthun	s.3
Eit møte med Trond Kråvik	s.4
Eit møte med Sygna	s.6
Bokmelding - Det store puslespelet	s.8
Bibelselskapet 200 år	s.9
Nytt frå kyrkjetårnet	s.10
Resultat Fasteaskjonen	
Årsmelding / årsrekneskap 2015	
Bilete av det nye soknerådet	
Glimt frå statistikken	s.14
Dugnad på Tjugum kyrkjegard	s.16
Konfirmantside	s.17
Minikonfirmantar	s.18
I glede og sorg	s.18
Gudstenesteplan	s.20

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd
Nr 1-2016 46.årgang

Redaksjonsnemnd – ny frå 2016

Helge Eilifsen, Kjell Helland og
Jostein Risa (kyrkjeverje)

Abonnement

3 utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)
Neste nummer kjem truleg i september.
Fulldistribusjon i kommunen i tillegg til ikring 75
utanbygds abonnentar.
Bladpengar: kr.200,- per år (friviljug) til konto:
3805.10.32583
Auka sats frå 2015 for å dekke auka trykkekostnader.

Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

Annonser

Små annonser kr.400, store annonser kr.750.
Heilside etter avtale.

Framsidedfoto:

Eit flott foto med friske fargar freistar oss til fleire turar
i den fagre Balestrandnaturen. Biletet er teke mellom
Orrabenken og Klukshaug ein junidag for nokre år
sidan. Takk til fotografen Erik Hoel!



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

KONTAKTINFORMASJON

Balestrand kyrkjekontor

Kjerneopningstid:
Tysdag-fredag kl. 10 - 14
Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND
Telefon: 57 69 15 48
E-post: kontor@balestrand.kyrkja.no
Heimeside: www.balestrand.kyrkja.no

Prost Kjetil Netland

(ansvar for prestetenesta i Balestrand)
Ring for avtale. Er fast i Sogndal tysdagar.
Telefon kontor: 57 69 16 80
Mobiltelefon: 911 03 134
E-post: sokneprest@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa

(80 % stilling)
Telefon kontor: 57 69 15 48
Mobiltelefon: 920 60 832
E-post: kyrkjeverje@balestrand.kyrkja.no

Organist Jorunn Andrea Høines

(24,5 % stilling)
Mobiltelefon: 942 47 954
E-post: organist@balestrand.kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Louise Nilsson

12 % stilling (Kafé Møteplassen)
Mobiltelefon: 901 15 667

Kyrkjelydspedagog

Rut Solveig Nydal Netland

(25 % stilling i Balestrand)
Mobiltelefon: 906 32 698
E-post: klped@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjetenar Aleksander Dale

13,5 % stilling (Tjugum kyrkje)
Mobiltelefon: 974 08 434

Leiar i Balestrand sokneråd

Helge Ulvestad (frå 1.12.2015)

Mobiltelefon: 971 06 001
E-post: hul@sys-ikl.no

Vakttelefon Sogn prosti: 954 83 374

Kvardagar: 17.00-08.00
Helg/høgtid: Heile døgnet

I desse tidsromma er ein av prestane i prostiet i
beredskap. Vakttelefonen nyttast om ein har bruk for
prestetenester som ikkje kan vente (t.d. dødsbod,
soknebod for døyande, sjelesorg/støtte i kritiske
situasjonar.)

Heimeside: balestrand.kyrkja.no

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon,
konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av
dåp og vigsel, kyrkjegardsføresegner. Vidare kan
du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned
årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.

Ein ny sjanse – like forut. Foto: Andy Dean - Fotolia

Ny start!

Denne våren har Jona vore tema i «Tid for tru». Gjennom fire samlingar har vi sett korleis profeten får beskjed frå Gud om å reise til byen Ninive og åtvare folket som bur der om at Gud vil øydelegge byen. Bruk gjerne ein halvtime på å lese gjennom desse fire korte kapitla i GT, det er god litteratur!

Byen som Gud bad Jona reise til, Ninive, ligg omtrent der som byen Mosul ligg i dag (Nord-Irak), eit område som for tida er prega av ISIS, undertrykking og valdshandlingar. Det er ikkje så mange som drøymmer om å reise til Mosul som misjonær i dag, men det var heller ikkje draumejobben for Jona. Ninive var hovudstaden i Assyrrariket, eit av dei største rika i historia, og fiendar av folket til Jona. Det var eit barbarisk folkeslag som torturerte fiendane sine. Kvifor i all verda skulle han reise og åtvare dette folket om at Gud vil straffe dei? Jona var redd, men meinte nok også dei fortente straffa og synest ikkje dei fortente noko åtvaring. I tillegg var det noko heilt nytt at Guds ord skulle forkynnast for andre folk enn Israelsfolket. Dei hadde fram til nå hatt eineretten, og det var utenkeleg for Jona at også assyrrarane skulle vere ein del av Guds plan.

Vi kjenner handlinga vidare: Jona rømmer i motsett retning og går om bord i ein båt som skal til Jaffa, ein by i sør-Spania. Det blir snart uvêr og etter loddkasting blir det klart at det er Jona som er årsaka til stormen, og han blir kasta på sjøen. Ein stor fisk sluker han, men etter tre dagar i fiskemagen blir han spytt på land. Jona får nå same oppdrag frå Gud på nytt - reis og



gi beskjeden frå meg til Ninive. Denne gongen gjer profeten som han får beskjed om – og folket angrar og omvender seg. Gud sparar så byen, til Jona sin store irritasjon.

Jona-forteljinga viser oss fleire sider av kven Gud er. Han er nådig, han angrar og kan ombestemme seg, han er allmechtig og suveren, ein Gud for alle folkeslag, han høyrer når vi ber og han er full av miskunn.

Gud tilgir og lar Jona få starte på nytt. Sjølv om han var ulydig og trassa Gud, så gir Gud han ein ny sjanse. Ninive angra og bad om tilgjeving – og Gud sparte dei. Det er den same Gud vi har å gjere med i dag. I påska har vi igjen fått minnst at Gud ikkje berre sparte ein syndig by, men ei heil menneskeslekt. Dette gjorde han ikkje fordi vi klarte å ta oss saman, angre og synde mindre, men fordi han hadde ein son som tok på seg skulda for alt, fordi han elska oss. Det er årsaka til at vi kan få ein ny start kvar morgon.

Gunn Berit Bøthun

*«Herren er nådig, vi går ikkje til grunne.
Hans miskunn tek ikkje slutt, ho er ny kvar morgon.
Din truskap er stor.»
Klag 3,22-23*

Eit møte med Trond Kråvik

- ved Kjell Helland -

Derfor held eg på

Då døra gjekk i vranglås og låsbolten måtte sagast av, var Trond god å ha. Det feilhengsla glaset var det òg Trond som tok seg av. I kyrkje og bedehus står han på talarstol eller er engasjert i samtale og forbøn. Slik kjenner mange av oss Trond, som ein som har via livet sitt til å hjelpe andre - på mange måtar.

Som mangeårig ungdomsarbeidar på Sygna og fleirårig forkynnar i Sogn og Fjordane skulle ein tru at Trond kun var oppteken av det åndelege og elles heilt hjelpelaus i det praktiske, men slik er det ikkje. Innimellom har Trond arbeidd fleire år som snikkar, og den som har sett det sjølvoppussa huset og hagen hans, forstår med ein gong at her er ein som kan meir enn å lesa frå Bibelen og stå på ein talarstol.

I den grad han har fritid, er han oppteken med å ha nærkontakt med naturen, likar å hausta av det denne gir, likar å laga mat frå grunnen av. Derfor legg han ansjos, lagar sylteflesk og fårerull, røykjer laks og tilverkar sjølvhausta bær og frukt, som det er rik tilgang på. "Det er ikkje så vanskeleg," seier han, "ein må berre tora å gjera det."

Elles koplar han av med å fiska og å koma seg ut på tur, gjerne med telt, og oppleve kultur, folk og land, likar å sjå på ting og møta menneske - får energi av slike møte, synest det er kjekt, uansett kven det er, og trur at akkurat dette er noko av forklaringa på at han held på med det han gjer. "Sydenmann" har han aldri vore.

Etter ein lang dag med allslags oppgåver, er ikkje ei bok det første han grip til. Men når det først gjeld lesestoff, vert det helst om korleis menneske lever med Gud. "Det er berikande å sjå korleis Gud fyller liva deira med



Foto: Helge Eilifsen

meining. Skulle gjerne ha lese meir," seier han. No er han nett komen gjennom "Livsfarlig tro," ei bok om menneske i muslimske land som er komne til tru på Jesus, og som møtest om nettene for å dela trua si med andre i same situasjon.

På tv ser han gjerne sport og lar seg riva med i spenninga, lar seg engasjera.

Slik er han, den av-Gud-gripne 54-åringen som gjerne vil at andre skal verta berørt av det han har å formidla gjennom liv og forkynning. Derfor er det han om å gjera å ta heile mennesket på alvor og å koma det komplekse mennesket, dette merkeleg vesen, som er så forunderleg samanskrudd, i møte.

Dette skjer på spesielt god måte gjennom leirarbeid, meiner han. Her møter han tilhøyrarane - både barn, ungdom og vaksne - i mange situasjonar og kan tala Guds ord til dei. Ofte må han tala til forsamlingar som inneheld alle aldersgrupper og der tilhøyrarane har svært varierende bibelkunnskap, og spørsmålet vert: "Korleis skal eg forkynna slik at eg når alle desse, korleis kan eg få sagt noko som blir forstått og kan bli til hjelp?"



Trond Kråvik har hatt mange roller i kyrkje- og organisasjonslivet i Balestrand. Her er han i aksjon som lek gudstenesteleiar i friluftsgudstenesta på Stølsberg i Vettlefjorden 28.juni 2015. (Foto: J.Risa).

Ein del av svaret ligg i å finna gode bilete, talande illustrasjonar, og sei noko som alle kjenner seg igjen i. Då er noko av kunsten å følgja med i det folk er opptekne av. Siste ideen kom gjennom medieomtalen av bil- og bussbelte, der den bakanforliggjande tanke er at ingen vil mista nokon, og der formaninga “Hugs bilbelte!” ikkje vert oppfatta som mas, men som uttrykk for at andre vil deg vel.

“Det er det same med forkynninga,” sier Trond, “Jesus vil deg vel. Han ser det enkelte menneske, at kvar enkelt er dyrebar og verdfull. Heile veremåten hans utstrålar dette.” - Gud vil ikke miste en eneste en, han alle vil adle og eie. For han er hver sjel som en perlesten, hvis verd bare himlen kan veie. (Trygve Bjerkrheim)

Det er dette Trond har lyst til å vera med på å formidla. At vaksne skal vera gode førebilete for barn, er viktig. “Dersom eg seier til dei små at dei må bruka hjelm når dei sykklar, men sjølv ikkje gjer det, korleis blir det oppfatta? Er her samsvar mellom liv og lære?”

Elles vil Trond rosa det som har skjedd i Balestrand i samband med “Tid for tru”. Dette er ein arena der ein kan møtast, samtala og stilla spørsmål, ei litt uvanleg møteform det skulle ha vore meir av.

Så var det dette med avstand og nærleik. Dronninga av Saba fortalde Salomo at det ho hadde høyrte var småtteri mot det ho fekk sjå med eigne augo. Det djupaste i trua på Jesus kan ikkje forklarast, det må opplevast. Jesus refererte til Salomo og sa til dei som hørte på han at “her er meir enn Salomo”. Salomo hadde rikdom og visdom, men Jesus er i tillegg vegen, sanninga og livet.

Det er denne vegen ein må gå på, for å nå himmelen. Her viste Trond til fleire dømme i Bibelen på at det går an å starta på denne vegen, men så av ein eller annan grunn vika inn på avveg og ikkje nå fram. Det går ikkje an å leggja seg til å sova eller å leva på det ein ein gong måtte ha opplevd. Ein må leva i nærkontakt med Frelsaren og ordet hans heile tida. Heller ikkje er det slik at det går an å sei at no har eg levd så lenge med Gud at no går det av seg sjølv, no klarer eg meg sjølv.

“Nåde og tilgjeving treng eg heile tida, ja, kanskje meir no enn tidlegare,” seier Trond, og føyer til at han som forkynnar ikkje er komen opp på eit høgare nivå enn andre. “Eg slit med det same som andre menneske, og nåden og tilgjevinga er det berande. Mi ros er at Jesus er nok for meg, og då er han nok for deg òg.”



Det er hyggeleg med felles lunsj i matsalen på økobygget. Der blir det servert fire måltid kvar dag, frukost, lunsj, middag og kvelds.

Nytt frå Sygna

I år er det 35 år sidan første kullet byrja. Eit enkelt overslag med kullstorleik på 50-60 elevar gir at om lag to tusen elevar har gått på skulen - dei fleste i tre år. Det betyr to tusen personar med si eiga oppleving av skulen og bygda spreidd rundt i landet.

Sist haust, fredag 11. september, vart eit maleri av Giuseppe Miconi, som underviser i kunstfag på Sygna, avduka på sørveggen av skulebygget. Med kunstverket presenterer Sygna seg for alle som deltek på idrettsarrangement på Kreklingen og for alle som kjem til skulen. Maleriet er ein visuell presentasjon av Sygna og eit symbol på at skulen ønskjer å fylla sin plass i bygda både dannels- og utdanningsmessig.

På Sygna har det i vinter vore anleggsverksemd. Det er gjort utbetringar og lagt til rette for eventuelt nytt internat. Per mars er enno ikkje noko bestemt, eit bygg

vil bli ei stor investering. Nytt internat vil auka internatkapasiteten og vera med på å gje grunnlag for stort nok elevtal. Klarar skulen å nærma seg 200 elevar, vil det gje større økonomi.

Realskulebygget frå 1950-talet blir det stadig gjort noko med. I løpet av året vil ein byggja om fyrrommet. Det vil gi nytt klasserom på omlag 30 m², tørkerom til friluftsutstyr og sjølvstekt framleis plass til fyrkjelar. Driftsleiar Vidar Heier, som står i spissen for dette, er nok i full sving med arbeidet når dette bladet blir lese.

Rektor Joakim Hector tykkjer det er interessant å få vera med og utvikla skulen. Dei siste åra har elevane i kristendomsfaget hatt praksis i barnelag, gudstenester, ungdomsklubbar m.m. Joakim seier det fint at elevar tek slike utfordringar og meiner dei ved det òg får mykje til eiga utvikling. Elevane på dei yrkesfaglege utdannings-



Frå venstre: Frode Bøthun, Vidar Heier, Giuseppe Miconi og Joakim Hector. Ser du kva Giuseppe har gøymt mellom greinene på treet?

programma er engasjert på helsetunet, og det er tett samarbeid mellom idrettsfaga på Sygna og Balestrand idrettslag - det viser godt att på fotballaget.

Joakim held fram at det å setja ord på det ein står for og meiner gir utvikling. Å formulera noko sjølv er med å gje identitet både til den einskilde og skulen. Dette er noko ein legg merke til når elevar presenterer skulen på andre stader.

Identitet er eit nøkkelomgrep for undervisningsinspektør Frode Bøthun. Helga før påske møtte vel 50 fram til Bli kjent-helg, der dei som hadde søkt på skulen komande skuleår var inviterte. Avgjerande for at ei slik helg skal bli vellukka, er at elevane tek godt imot gjestene. Og slik gjekk det denne gongen også. Frode opplever at noko av sygnaidentiteten viser seg i tydeleg elevengasjement.

Når eg spør Frode kva utfordringar han ser for friskulen framover, legg han særleg vekt på uheldige ulikskapar mellom offentlege skular og friskular. Kapitaltilsko-


tet, dvs. tilskotet til husleige er altfor lite og offentlege skular har eitt elevteljepunkt i løpet av skuleåret, medan friskular har to. Dersom elevtalet har gått ned mellom teljepunkta om hausten og våren, vil det gje redusert tilskot. Poenget til Frode er at friskulane heile tida må kjempa for ordningar som alt burde ha vore på plass.

Joakim er svært oppteken av skulen må vera i utvikling. Dette året arbeider pedagogane spesielt med vurdering. Han meiner at lærarsamarbeid om vurderingspraksis vil gje ny innsikt og slå positivt attende på undervisninga og på den måten koma elevane til gode. Han håpar vidare at Sygna må vera ein skule som skaper entusiasme og at mange søkjer skulen på grunn av fagleg innhald.

Då står det att for kyrkjelydsbladet å ønskja elevar og tilsette eit fortsatt godt skuleår.

Tekst og foto: Helge Eilifsen

Dei eldste manuskripta



Spørsmålet om ein kan stola på Bibelen, har kanskje du òg stilt deg. Det er lenge sidan antikken, og kva med dei mange avskriftene sidan den tid? Nett slike spørsmål er tema i boka Det store puslespillet av Hans Johan Sagrusten (Verbum 2014), der han tar for seg historia til dei tidlegaste manuskripta, samstundes som nokre myter vert lagt døde.

Boka tek oss med til St. Katarinaklosteret ved foten av Sinaifjellet. I 1859 var tekstforskarar Konstantin von Tischendorf der igjen på leit etter gamle manuskript. Første gong han var der - i 1844 - oppdaga han at munkane tende i omnen med gamle pergamentark, ark som viste seg å vera tekstar frå Det gamle testamentet, m.a. frå Jeremia. Det såg ut til å bli ein heller mager fangst. Men dagen før han skulle reisa, fekk han god kontakt med forvaltaren i klosteret, og etter at han hadde vist fram si eiga siste utgåve av Det gamle testamentet på gresk, gjekk forvaltaren og henta klosteret sitt klenodium: Eit svært godt bevart manuskript på gresk av heile Bibelen - det som seinare har blitt kalla Codex Sinaiticus. von Tischendorf fekk låna det, men berre åtte ark om gongen. Dermed vart manuskriptet frakta på kamelrygg til Kairo for avskrift, del for del. I dag ligg det i British Library i

London, komen dit via Russland. I 1862 vart nemleg manuskriptet gitt som gåve til Tsaren. Etter revolusjonen i 1917 såg ein annleis på det, og i 1938 vart manuskriptet selt til British Museum for 100 000 pund.

Codex Sinaiticus er det eldste uskadde manuskript av Bibelen og blir datert til ca. 350 e. Kr. Boka er av pergament, altså av dyrehud. Arka er svært tynne, ikkje meir enn frå 0,1 til 0,2 mm tjukke. Overslag viser at hud frå over tre hundre dyr, mest kalv, har gått med til manuskriptet.

Codex Sinaiticus er ikkje det einaste pergamentmanuskriptet med ein slik alder. I Vatikanet ligg Codex Vaticanus, som rett nok manglar nokre få sider, men blir rekna for å vera endå meir verdfullt tekstmessig, og alderen er det heller ikkje noko å seia på. Det er datert til ca. 325 e. Kr.

Dette er store, fint fråseggjorte bøker, men kva vart dei brukte til? Mange meiner at keisar Konstantin tinga desse Biblane til nye kyrkjebygg i Konstantinopel nett på 300-talet. Men Sagrusten stoppar ikkje der, han tek oss endå lengre attende.

Då er det tale om papyrus (siv). Når me høyrer om skattar nedgravne i jorda, er kanskje ikkje papyrusmanuskriptet det første me tenkjer på. Men godt bevarte tekstavsnitt frå Bibelen gir tekstforskarane god kunnskap om tekstoverleveringa. I øvre Egypt er det det funne mange slike manuskript, papyrusbøker bevart i leirkrukker nedgravne i sanden. Mange av desse er hundre år eldre enn dei eldste pergamentmanuskripta som er nemnt ovanfor, nokre datert til ca. 200 e. Kr. Men i dei aller eldste manuskripta er berre einskilde delar av teksten bevart, noko manuskriptet P 52 er døme på. Det har med litt frå Joh. 18 og er datert til ca. år 125. Då er ein svært nær tida då Johannesevangeliet vart nedskrive, kanskje ikkje meir enn 30-40 år etter.



Ein konservator analyserer teksten på eit blad frå Codex Sinaiticus. Foto: <http://www.codex-sinaiticus.net>

Kva rolle spelar slike manuskript? For bibelforskarane gir dei verdfull kunnskap om tekstoverleveringa. Det syner seg at teksten i desse tidlege manuskripta er svært lik bibelteksten me kjenner i dag. Ved at tekstforskarar gjer seg kjende med tekstar av ein slik alder, får me bibelomsetjingar som står seg godt vitskapeleg. Bibelselskapet si omsetjing frå 2011 er døme på dette.

Det er fint at Hans Johan Sagrusten har skrive denne boka. Ho gir eit interessant innsyn i tekstoverleveringa.

Helge Eilifsen

Bibelselskapet 200

Bibelfestival i Oslo 26. - 29. mai

Det Norske Bibelselskap vart stifta i 1816 og kan dermed feire 200-årsjubileum i år – som den eldste felleskyrkjelege organisasjonen i Noreg. Bibelen er den mest selde og leste boka i verda og den viktigaste boka i kulturen vår. Bibelselskapet arbeider difor for å gje menneske Guds ord “på eit språk dei forstår og til ein pris dei kan betale”. I Oslo startar jubileumsfeiringa på stiftingsdagen 26. mai og held fram til søndag 29. mai.

I Balestrand vil jubileet verte markert i gudstenesta i Tjugum kyrkje søndag 29. mai og truleg også ved fleire arrangement i jubileumsåret.

Nytt frå kyrkjetårnet

Fasteaksjonen 2016 i Balestrand: Rekordsum i bøssene



Kyrkjelyden sin årlege innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp, Fasteaksjonen, har dei siste åra særleg vore oppteken av at alle treng tilgang på reint vatn. Summen i bøssene var i år ny rekord, og resultatet per innbyggjar er for første gong over 21 kr. Totalt kom det i 2016 inn 27.250 kr til aksjonen i Balestrand – nøyaktig same sum som i rekordåret 2015!

Kjelde	2016	2015
I bøssene	25.650	24.450
Gjeve via soknerådet sin bankkonto	1.000	2000
Via SMS	600	800
Totalt:	27.250	27.250
Pr innbyggjar (1294 / 1304)	21,06	20,90

Viktigare enn tala er likevel kva pengane kan utrette: Pengane frå Balestrand kan til dømes gje 136 menneske varig tilgang til reint vatn! Vatn er også noko av det første Kirkens Nødhjelp stiller med ved katastrofar. Kirkens Nødhjelp er på plass i Syria, Serbia, Nord-Irak, Sør-Sudan og mange andre land. Takk til konfirmentar, konfirmantforeldre, soknerådsmedlemer og andre som var med og gjekk med bøsse og elles hjelpte til ved aksjonen! Takk til alle som gav!



Årsrapport 2015

Balestrand sokneråd sin årsrapport for 2015 vart lagt fram ved årsmøtet i kyrkjestova etter gudstenesta i Tjugum kyrkje 13. mars 2016. Sentrale saker i 2015 var bygginga av kyrkjestova, endringar i staben, sokneråds-val, «Tid for tru» med undervisning for vaksne, helge-seminar om DHA i september og oppstart av Kafé Møteplassen. Rapporten er elles forkorta i høve til tidlegare år (sidetalet er nesten halvert). På side 14 kan du lese utdrag frå statistikken, men les gjerne heile årsrapporten, som du finn i kyrkjene, på Rådhuset, biblioteket, kyrkjekontoret og www.balestrand.kyrkja.no,



Årsrekneskap 2015

Driftsrekneskapen for 2015 kom ut med eit mindreforbruk på kr 165.000 som no er sett av på Balestrand sokn sitt disposisjonsfond. Forklaring kan m.a. finnast i lønspostane – t.d a) vakansar om hausten, då diakon gjekk av med AFP og kyrkjelydspedagog hadde delvis permisjon og b) vesentleg lågare pensjonskostnader enn varsla. Les meir i rekneskapen som er lagt ut same stader som årsrapporten.

Investeringsrekneskapen for 2015 viste eit meirforbruk i høve budsjettet på totalt kr 33.800 frå prosjekt 302, Kyrkjestove Tjugum. Dette er dekkja inn ved bruk av disposisjonsfond (jf mindreforbruk drift).



Kafé Møteplassen open kvar måndag

Vi minner om at kafeen på bedehuset i Holmen framleis er ein god plass å møtast for alle som bur i Balestrand – for ein prat og noko godt å bite i. Louise Nilsson og hennar medhjelparar syter for at kafeen er open frå kl. 17.00-20.00 kvar måndag fram til sommarferien, med unntak av 16. mai som er 2. pinsedag. Siste samling i denne omgang vert måndag 13. juni. Mange vonar tilbodet kan halde fram til hausten. Soknerådet skal vurdere vidare bruk av diakonimidlane i løpet av våren.

Behov for bustader!



Sigve Lirhus er tilsett i Flyktningetenesta i Balestrand (NAV) og er på utkikk etter bustader.

NAV/
Flyktningetenesta i Balestrand informerer om at det for tida er stor spurnad etter

bustader. Deira nyttilsette programrettleiar Sigve Lirhus og kollegaane hans ber folk som har husvære (små eller store) eller hus å leige ut, om å ta kontakt med dei på telefon 458 79 173, kvardagar mellom 08.00 og 15.30.

Lidal utleigeservice har ansvar for graving og vedlikehald av kyrkjegardane også neste år

Kyrkjegardsarbeidet i Balestrand har vore lyst ut offentlig som «konkurranse med forhandling» med invitasjon til fem aktuelle interessantar, og ein av dei leverte tilbod. Soknerådet sitt forhandlingsutval inngjekk etter forhandlingar kontrakt med Lidal Utleigeservice på eitt år frå 1.april 2016 med opsjon på ytterlegare eitt år frå 1.april 2017. Kontrakten inkluderer graving av graver på alle gravplassane, vedlikehald av Tjugum og Sæle kyrkjegard (plenklypp, kantklypp rundt gravminne, avfallshandtering mm) og snømoking. Soknerådet gått ned på frekvensen for grasklypp for å kome i hamn med budsjettet. Det har også vore dugnad for å stelle buskar og tre på kyrkjegarden. Lidal Utleigeservice har hatt oppdraget på gravplassane i Balestrand i fleire periodar, og soknerådet har vore godt

nøgde med arbeidet deira.

Har du merknader til kyrkjegardsvedlikehaldet, er du velkomen til å ta kontakt direkte med Kurt Ove Lidal eller kyrkjevevjerje Jostein Risa.

Det nye soknerådet presentert for kyrkjelyden. Endra samansetjing av varamedlemslista



Dei faste medlemene i Balestrand sokneråd 2015-2019: Frå venstre Tore Brudvik, Åshild Alte Sagevik (nestleiar), Helge Ulvestad (leiar), Margot Ryssdal, Anne-Brit Balevik, Ingrid M. Menes, Jenny Menes og Kari Kvikne. Prost Kjetil Netland kom dessverre ikkje med på biletet Foto: Ådne Åm Risa

I gudstenesta 13.mars i Tjugum kyrkje vart det nye soknerådet presentert for kyrkjelyden. På biletet ser ein alle dei åtte valde medlemene. I tillegg møter prost Kjetil Netland fast i rådet og Frode Kleppe Holgersen representerer kommunen når soknerådet handsamar administrasjonssaker (fellesrådssaker).

Når det gjeld varamedlemene til soknerådet har det skjedd ei endring etter valet. I Sak 004/16 gjorde Balestrand Sokneråd 12.01.2016 dette vedtaket: «*Det vert gjeve fritak for 1. varamedlem Anne Rita Sæle for resten av valperioden.*»

Vedtaket vart gjort med heimel i Kyrkjelova §7 etter søknad om fritak. Konsekvensen av vedtaket er at dei andre varamedlemene rykkjer opp eit trinn. Ny varamedlemsliste til Balestrand sokneråd:

1. vara Malene Sværen Mundal
2. vara Just Gunvald Olsen
3. vara Liz-Janne Feidje Nordeide
4. vara Bjarne Senneseth

Reparasjon av tak på Tjugum kyrkje – synfaring

Den siste stormen tok nokre takstein på Tjugum kyrkje, og det må leigast lift for å reparere taket. Dette vert prøvt kombinert med at nyvalt bygningsutval har synfaring på kyrkja i nær framtid. Mandatet til utvalet er å kartlegge status og vedlikehaldsbehov for kyrkjene.

Utstyr til Kyrkjestova. Kva trengst?

Soknerådet har valt ei utstyrsnemnd for kyrkjestova til å kartlegge behov og koordinere innkjøp. Her sit Tore Brudvik og Ingrid Menes frå soknerådet i lag med kyrkjelydspedagog Rut Solveig Nydal Netland. Har du innspel, må du gjerne kontakte ein av dei direkte. Dei har sett opp ei liste over utstyr som trengst til kyrkjestova t.d. ved utleige.

- Koppesett kaffi, suppetallerkar, middagstallerkar, drikkeglas og bestikk til 80 personar. Primært samla sett – nytt eller brukt.
- Serveringsfat og skåler, serveringsbestikk, knivar til oppskjering, kakespadar o.l.
- Hyller på lagerrom
- Fleire bord. Det er plass til tre bord til av same type som no.
- Hylle over kaffitrakter til kaffiutstyr
- Fem kaffikanner
- Spegel i gangen
- Anretningsbord i gangen til brosjyrer etc.
- Lamellgardiner, gardiner el. persiennar til vindauge mot parkeringsplass.
- Matter på golv til barnesamlingar.
- Nøytral utsmykking, gjerne tekstilkunst. Dette kan også bidra til å dempe lyd.

Andre ting som har vore nemnde før er

- Trillebord til kjøkenet (plass under benk)
- Høgtalarar (vi har fått ein miksepult i gåve)

Førebels er det ikkje gåvemidlar att til å gjere innkjøp for, så soknerådet set framleis stor pris på overføringar til kyrkjestova sin gåvekonto 3705.13.19711 (Kontonamn: Balestrand sokn. Merk gáva med namn og «SF» for registrering av skattefritak hjå skatteetaten.)



Aleksander Dale i teneste som kyrkjetenar i Tjugum kyrkje



Kyrkjevevje Jostein Risa gjev kyrkjetenar Aleksander Dale tenestebrev frå biskopen. (Foto: Ådne Åm Risa)

Frå 1.1.2016 har Aleksander Dale vore tilsett i fast stilling som kyrkjetenar i Tjugum kyrkje i 13,5 prosent av full stilling. I starten av gudstenesta 13.mars vart han ynskt velkomen i tenesta og tenestebrev frå biskop Halvor Nordhaug vart lese opp.

Stillinga inkluderer alle tenester i helgene, men ikkje gravferder på vekedagar, jf at Dale er elev på Sygna vgs. Stillinga inkluderer også reinhald i kyrkja, bårehus og kyrkjestova. Soknerådet er glade for den flotte jobben han gjer.

Gudstenester i pinsehelga og 17.mai

Pinsedag 15. mai er det høgtidsgudsteneste i Tjugum kyrkje kl.11.00 med barnesamling under preika. Andre pinsedag, måndag 16.mai, får vi som i fjor besøk av koret frå den anglikanske kyrkja i Oslo, St. Edmunds church. Dei vert med på tospråkleg, økumenisk gudsteneste i St. Olafs kyrkje kl.10.00 der både prost Kjetil Netland og The Ven Dr Brian Russell f deltek i lag med besøkande anglikanarar frå Oslo og Bergen. Grunnlovsdagen tysdag 17.mai vert gudstenesta kl.10.00 som i fjor.

Pilegrimsvandring og olsokgudsteneste i Kvamsøy kyrkje fredag 29.juli kl.17.00



Det har no vorte tradisjon med pilegrimsvandring og olsokgudsteneste i Kvamsøy kyrkje på olsokdagen 29.juli kl.17.00, som i år fell på ein fredag. I samband med gudstenesta vil Pilegrimsvandring

Balestrand ha ei organisert vandring langs pilegrimsleia frå Kallestad til Kvamsøy. Stien vert stadig oppgradert, og det vert i år stogg ved ein ny attraksjon. Etter gudstenesta vert det ein liten seremoni ved Børtrehuset på Kvamsøy. Gudstenesta er open for alle, medan dei som vil delta på vandringa kan melde seg på til Bjørg F Bjøberg og Arthur Adamson, 915 62 842. Sjå også <http://www.detgylnehus.no/>

Kvamsøy kyrkje 21.august

I staden for gudsteneste på Kvamsøy i juni, vert denne i år søndag 21. august. Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane har også invitert medlemene sine på tur til Kvamsøy denne dagen.

Det skjer på Alværa

10.-12.juni: NMS Familieleir

20-22.juni: NMSU-leir

Heimeside: www.alvera.no

Ring 57 71 17 57 for påmelding / meir informasjon.

Det skjer på Lyngmo

30. mai - 2.juni: Vi over 60-leir

10-12.juni: Leir for 2.-4.klasse

17-20.juni: Leir for 4.-7.klasse

26. juni - 3.juli: Bibelsommar i vest

10-16 juli: Familieleir Ungdom i oppdrag

26-28.august: Bibelhelg

Heimeside: www.lyngmoinfo.com

Ring 57 68 43 66 for påmelding / meir informasjon.

Engelske gudstenester i heile sommar

Vi minner om at frå søndag 15. mai til søndag 28. august er det gudstenester på engelsk i St. Olavs kyrkje fleire gonger i veka: Tysdagar og torsdagar kl.21.00, laurdagar kl.21.00, søndagar kl.10.00 (med nattverd) og kl.21.00. Gudstenestene på kveldane er oftast korte «evening song» eller «evening prayer». Det er i år åtte anglikanske prestar som deler sommaren mellom seg, og dei fleste er her to veker med vaktskifte på ein onsdag. Vel møtt i engelskkyrkja i sommar!

Glutenfrie oblatar i Balestrand

Frå hausten 2015 har vi i Balestrand berre nytta glutenfrie oblatar ved nattverd i kyrkjene våre og på Helsetunet. Dei som har bruk for dette slepp no å be om dette spesielt, og alle et same type brød.



Bli med på kyrkjelydsturen til Nesholmen 9-11.september



Kyrkjelydsturen andre helga i september er open for alle i kyrkjelyden. Soknerådet har valt ei nemnd til å planlegge helga, og det vert tilbod både for born, unge og vaksne. Det vert undervisning, sosialt fellesskap, god mat og høve til turar både «til lands og vanns» i flott haustnatur. Sundagen avsluttar vi med gudsteneste i lag. Etter kvart vil det kome ein programfaldar som vil verte lagt ut i kyrkjene og på heimesida vår: www.balestrand.kyrkja.no.

Leirstaden Nesholmen ligg flott til ved Eimhjellsvatnet i Hyen i Gloppen kommune. Oddvar Søvik vert med som talar. og vil truleg ha eit tema knytt til bøn. Ta kontakt med kyrkjekontoret for påmelding!


Statistikk frå årsrapporten:

Gåver, gudstenester og kyrkjelege handlingar

Offer, innsamlingar og gåver i 2015

Både offer og gåveinntekter i 2015 er dei største som har vore i Balestrand nokon gong! Offer til det lokale kyrkjelydsarbeidet finansierer truopplæring, vaksenopplæring og diakoni. Elles har året vore prega av stor gjevarglede til kyrkjestova, som stod klar i september: Det kom i 2015 inn totalt 175.000 kroner til kyrkjestova, fordelt slik: Gåver frå enkeltpersonar: 120.000, offer ved avskilsgudstenesta til Audun Systad: 12.000, frå Thorbjørnsens legat: 33.000 og frå sal av jubileumsbok Tjugum kyrkje: 10.000. Frå innsamlinga starta i 2013 har det på denne måten totalt kome inn 273.000 kr til kyrkjestova, men det er framleis bruk for gåver til utstyr, utsmykking og inventar, sjå eiga sak annan stad i bladet.

Offer, innsamlingar og gåver	2015	2014	2013	2012	2011
Samla inn ved offer/kollekt ved gudstenester/arr	142 450	127 146	134 482	106 730	107 077
... av dette til eiga verksemd	55 087	32 550	42 296	37 345	29 397
... til eiga verksemd i prosent	39 %	26 %	31 %	35 %	27 %
...gj.snitt per offer	3 031	2 957	3 127	2 668	2 549
Tal gudstenester/arrangement med offer	47	43	43	40	42
Gjevarteneste eige arb (frå 2014 berre AvtGiro)	18 600	15 850	28 500	26 215	25 240
Andre innsaml/gåver (Fasteaksj, minneg,Thorbj.leg)	264 335	157 854	159 331	72 169	28 770
... av dette til Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp)	26 450	24 770	23 120	21 537	20 600
... av dette til eiga verksemd	236 910	133 084	134 511	50 632	8 170
... av dette att til kyrkjestova (gåver+TL)	175 341	67 569	32 900		



Kyrkjelege handlingar i Balestrand 2015

Kyrkjelege handlingar	2015	2014	2013	2012	2011
Dåpshandlingar - totalt (av desse personar m bustadadresse i soknet)	16 (10)	14 (9)	13 (7)	7 (3)	11 (8)
Forbøn konfirmanter:	12	21	14	16	13
Vigslar – totalt (av desse par m lokal tilknytning (dei el. foreldre bur her))	9 (6)	7 (5)	9 (6)	3 (3)	5 (2)
Gravferder (jordpåkastingar utført av prest i soknet)	7	13	13	11	17

Ti døypte med bustadadresse i soknet er det høgste talet sidan 2010, då det var elleve. Dei siste tre åra har det vore fleire dåpar av eldre born/unge. Etter eit stort konfirmantkull i 2014 var det våren 2015 det minste konfirmantkullet

sidan 2007. Talet på konfirmentar får konsekvensar for gudsteneste-statistikken, sjå neste side. Seks av dei ni para som gifta seg i Balestrand i 2015 hadde lokal tilknytning, men ingen av dei var busette i Balestrand. Gravferdstalet frå 2015 er det lågaste som er registrert i Balestrand så langt statistikken går bakover. I 2006 var det 8 gravferder, men då var det 19 og 20 i åra før og etter.

Gudstenestestatistikk


Type gudsteneste	2015 Delt.tot/ gj.snitt	2014 Delt.tot/ gj.snitt	2013 Delt.tot/ gj.snitt	2012 Delt.tot/ gj.snitt	2011 Delt.tot/ gj.snitt
Alle gudstenester inkl skule/institusjon	58 3446 59	59 3796 64	58 3815 66	52 3231 62	56 3346 60
Alle gudstenester på sun- og helgedagar	45 3041 68	46 3342 73	45 3249 72	41 2882 70	45 3042 68
“Forordna” gudstenester	41	41	42	41	42
Alle gudst. tidl Tjugum sokn (inkl. skule/institusj)	45 2879 64	44 2935 67	44 3064 70	37 2448 66	40 2435 61
Alle gudstenester tidl Kvamsøy sokn	13 567 44	15 861 57	14 751 54	15 783 52	16 911 57
1. Gudstenester med nattverd (Deltakarar=Nattverdgjester)	29 1038 36	30 1177 39	34 1154 34	20 702 35	22 624 28
3. Familie - og barnegudst. (utanom julaftan)	2 216 108	4 474 119	4 290 73	7 463 66	7 484 69
4. Gudstenester for ungdom (utanom konf.gudstt)	4 266 67	3 179 60	4 315 79	1 60 60	3 219 73
5. Gudstenester for barnehage- og skoleborn	2 148 74	2 160 80	1 150 150	2 144 72	2 167 84
6. Gudstenester julaftan	3 306 102	3 340 113	3 301 100	3 258 86	3 294 98
Andre arrangement Konsertar og musikkandaktar*	1 201 201	1 195 195	2 214 107	1 177 177	3 360 120

Gudstenesteframmøtet ligg relativt stabilt om ein ser dei på siste ti åra, sjølv om folketal og medlemstal går ned. Ei forklaring på nedgangen i 2015 kan vere så enkel som eit mindre konfirmentkull. Det er likevel eit mål å inkludere fleire i gudstenestefellesskapen framover. Færre nattverd-gudstenester og fleire nattverddeltakarar kan forklarast med færre nattverdsamlingar på Helsetunet i 2015.

Ei markert endring i gudstenestestatistikken er nedgangen i frammøtet i tidlegare Kvamsøy sokn frå 57 til 44 per gudsteneste, sjå figuren. Eit par kommentarar til dette: *Berre ein konfirmant som «høyrdet til» Sæle/Kvamsøy *Berre ein dåp i 2015, fire i 2014 * Ingen gudstenester i Nesse sambrukshus i 2015. * Ei gudsteneste sett opp i Kvamsøy i juni (som plar vere godt besøkt) vart flytt til Sæle pga kaldt og dårleg ver. * Færre deltakarar enn normalt på friluftsgudsteneste i Nessadalen (berre 14).



Gjennomsnittleg frammøte per gudsteneste



Vi oppmodar alle i kyrkjelyden om å slutte opp om gudstenestene også i denne delen av soknet! Før i tida rodde folk i timevis for å kome til og frå kyrkja, medan det i dag berre tek minuttar i bil for å kunne ta del i fellesskapen. For dei som bur i Holmen tek det berre 6-7 minutt meir å reise til Sæle enn til Tjugum. Om du ynskjer skyss, må du gjerne ta kontakt med kyrkjekontoret!


Dugnad på Tjugum kyrkjegard tysdag 26. april frå kl.17.00

Soknerådet kallar inn til felles vårrydding på kyrkjegarden før 1. mai og konfirmasjonar. Fjerning av greiner og gammalt lauv, klipping av buskar langs fylkesvegen, skjering av prydtre m.m.. Ta gjerne med rive, stor/lita hagesaks, greinsag, hanskar, trillebår eller anna høveleg utstyr. Oppretting av gravminne som har blitt skeive etter vinterteile er gravfestar sitt ansvar, men om du stiller denne ettermiddagen, kan det truleg vere mogeleg å få ei hjelpande hand til dette av andre på kyrkjegarden. Soknerådet vil syte for kaffi og litt å bite i. Vel møtt!



Her er Rolf Haukaas m.fl i aksjon ved dugnaden på kyrkjegarden den flotte haustdagen 22. november 2014, då rododendronbuskane var hovudfokus. Denne gongen vil vi i tillegg til generell raking av lauv og greiner gå over andre buskar og tre på kyrkjegarden. (Foto: J.Risa)

Annonser

 BilXtra Balholm Auto AS Holmamyrane 6899 BALESTRAND Godkjend bilverkstad Tlf. 57 69 11 13	<i>Ytre Sogn graverdsbyrå A/S</i>  Hjelp til alle tenester ved dødsfall GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING Døgnvakt telefon: 577 14 700 / 959 86 000	Balestrand Taxi S-113 mobil 959 56 113 S-116 mobil 959 56 116
Gje ei gåve til kyrkjestova på konto 3705.13.19711	 Sogn <i>gravferdshjelp</i> Telefon heile døgnet: 57 68 14 77 Kjell Grønli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.	 Midtnes HOTEL 57 69 42 40 www.midtnes.no
TAXI Frankén mob. 959 86 000 Turbussar Vi tilbyr også 10- og 17-setars bussar med plass til rullestol samt store turbussar med 49 seter.	 Sognekraft - set krefter i sving www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no	VIK ELEKTRO Rune Målsnes 6893 VIK I SOGN TV - Kvitevarer Solskjerming - Glasservice Mobil: 906 16 260 E-post: rune@vik-elektro.no www.vik-elektro.no
VI ER HER. ALLTID.  KIRKENS SOS 22 40 00 40	Melbys skrifthugging as <i>Inskripsjon, oppussing og sikring av gravminne</i> Knut Melby Steinhoggerveien 5 6490 EIDE Mob. 482 40 612 Kontaktperson i Balestrand: Steinar Grøneng Mob. 482 62 878	 Bjerg og Arthur sine galleri i Det gylne hus Velkommen
 Buene Røyservice Pb.14, 6898 BALESTRAND Frode Buene Tlf. 57 69 29 06 Mob. 907 53 579	<i>Silvija's blomster</i>  Holmen 5, Balestrand m. 966 93 984 Blomar, oppsatsar, dekorasjonar og gåver Tilbyr også kransar og båretbukettar ved gravferd	 TØMMER H.T. HARALD TJUGUM Dragsvik 17 6899 Balestrand M: 911 28 133

Konfirmant 2016

Konfirmantleir 15-17. januar på Alværa

Den tredje helga i januar var det felles leir for konfirmantane frå Balestrand, Hyllestad, Lavik og Bjordal, over 40 konfirmantar totalt. Konfirmantane gjekk godt i lag og rapporterer om nye vener og god stemning.

Laurdagen var det uteaktivitetar i nydeleg vinterver der dei tre prestane Audun Systad, Kjetil Netland og Andreas Ester i lag med nokre elevar frå Sygna vgs hadde ansvar for ulike postar i sol og snø. Som hjelpeleiarar var også tre 10.klassingar frå Hyllestad.

Søndagen hadde ei gruppe songinnslag i gudstenesta, ei anna stod for forbøn med lystenning, medan andre dramatiserte historia om Jesus og Barrabas som gjekk fri.

Under er nokre glimt frå leiren (foto Audun Systad), konfirmantsamlingar på bedehuset og påskevandring på Tjugum 16.mars (foto Kjetil Netland) i vår.



Konfirmasjonar i Balestrand våren 2016

Sæle kyrkje,
søndag 24. april kl.11.00
Vanja Måredal Måren

Tjugum kyrkje,
Helgetorsdag 5. mai kl.10.00
Mical Habte Araya
Trine Beate Midttun Dale
Odin Feidje-Baug
Ingeborg Grøneng
Liv Rigmor Netland
Ådne Åm Risa

Tjugum kyrkje,
Helgetorsdag 5. mai kl.12.00
Geir Christian Peter Son Bale
Silje Nordang Bale
Rakel Knudsen Bjerk
Oda Persdotter Bolstad
Rakel Hjønnevåg Feten
Sander André Fjærestad
Håvard Handegård
Sara Heier
Steffen Midtbø Lidal
Emilie Vigdal



Minikonfirmantar 2016

Årets minikonfirmantkull er det første som har samlingane sine i kyrkjestova på Tjugum. Femteklassingane sluttar tidleg på skulen onsdagar og synest det har vore kjekt å ta skulebussen i lag rundt Esefjorden.

Det er praktisk å kunne ha delar av undervisninga i kyrkjerommet (t.d når ein skal lære om dåp og nattverd) og resten i kyrkjestova. Den 16.mars var det påskevandring med postar i området rundt kyrkja. Kyrkjelydspedagog Rut Solveig Nydal Netland er hovudansvarleg, men har hatt med seg mannen som prest på fleire av samlingane. Foreldre har også stilt opp med mat og praktisk hjelp.

Opplegget består av fire samlingar, to gudstenester og ein minikonfirmantdag i lag med femteklassingane frå Vik. Etter at samlinga i fjor var i Vik, kom i år ni minikonfirmantar med leiarar frå Vik til Balestrand laurdag 9.april i strålende vør. Tema var Bibel og Misjon og Rut Solveig og Kjetil Netland hadde hjelp av Silje frå Sygna og konfirmant Geir Christian. Frå 10.30-15.30 hadde dei dei unge ein flott dag i lag med samlingar i Tjugum kyrkje, kyrkjestova og friområdet på Lunde. I gudstenesta i Tjugum kyrkje 10.april fekk minikonfirmantane avsluttande diplom og deltok i prosesjonar, song, forbøn og dramatisering som dei hadde førebudd dagen før.

Foto: Rut Solveig Nydal Netland (påskevandring), Geir Christian Bale (9.april) og Jostein Risa (10.april).



I GLEDE OG SORG

Døpte

Lydia Sagevik

27.03.2016 i Tjugum kyrkje

Oline Seim Rendedal

10.04.2016 i Tjugum kyrkje

Døde

08.01.2016 Liv Urnes f.01.07.1953.

Gravferd frå Tjugum kyrkje 15.01.2016.

27.01.2016 Jenny Othilie Aasen f.01.03.1924.

Gravferd frå Sæle kyrkje 04.02.2016.

27.01.2016 Bergljot Thue f.13.06.1927.

Gravferd frå Sæle kyrkje 05.02.2016.

01.02.2016 Johannes Bøe f.24.10.1942.

Gravferd frå Tjugum kyrkje 12.02.2016.

03.02.2016 Anna Hatlem f.20.06.1931.

Gravferd frå Tjugum kyrkje 11.02.2016.

25.02.2016 Torleiv Farnes f.10.06.1928.

Gravferd frå Tjugum kyrkje 08.03.2016.

26.02.2016 Unni Eitungjerde f.19.05.1926.

Gravferd frå Tjugum kyrkje 01.03.2016.



Utgjevar/Avsender:
Balestrand sokneråd
Sjötunsvegen 6
6899 BALESTRAND

Velkommen til gudsteneste

17. apr, 4. s. i påsketida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane ved Kjetil Netland. Dåp. Takkoffer til Sygna vgs.
24. apr, 5. s. i påsketida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Alværa misjonssenter.
5. mai, Helgetorsdag	TJUGUM KYRKJE kl.10.00 Konfirmasjonsgudsteneste I ved Kjetil Netland. Dåp. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet.
5. mai, Helgetorsdag	TJUGUM KYRKJE kl.12.00 Konfirmasjonsgudsteneste II ved Kjetil Netland. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet.
15. mai, Pinsedag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Høgtidsgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til misjonsprosjektet i Romania. Barnesamling i kyrkjestova under preika.
16. mai, 2.pinsedag	ST. OLAFS kl.10.00 Økumenisk gudsteneste ved Kjetil Netland og Brian Russell (Senior Anglican Chaplain in Norway). Kor frå St. Edmunds church i Oslo. Takkoffer til Vener av St. Olafs kyrkje.
17. mai, Grunnlovsdagen	TJUGUM KYRKJE kl.10.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Song av Balestrand songlag. Takkoffer til Søndagsskulen.
29. mai, Treeiningssundag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. 8-årige tårnagentar deltek. Utdeling av 6-årsbok. Babysong Balestrand deltek. Markering av at Bibelselskapet fyller 200 år. Jubileumsoffer til Det norske Bibelselskap.
5. jun, 2.s. i treeiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet.
12. jun, 3.s. i treeiningstida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Normisjon.
19. jun, 4.s. i treeiningstida	STØLSBERG kl.11.00 Friluftsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Lyngmo ungdomssenter. Ta gjerne med litt å bite i til felles kyrkjekaffi.
10. jul, 8.s. i treeiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Ole Agnar Helland. Dåp. Nattverd. Takkoffer.
24. jul, 10.s. i treeiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer.
29. jul, Olsok	KVAMSØY KYRKJE kl.17.00 Olsokgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer. Pilegrimsvandring til kyrkja, sjå info i bladet. Båttransport kr 40 t/r for vaksne. Ta gjerne med litt å bite i til felles kyrkjekaffi.
14. aug, 13.s. i treeiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer.
21. aug, Vingardssundag	KVAMSØY KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer. Ta gjerne med litt å bite i til felles kyrkjekaffi.
28. aug, 15.s. i treeiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.17.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Presentasjon av årets konfirmantkull. Takkoffer. Kyrkjekaffi.
11. sep, 17.s. i treeiningstida	NESHOLMEN LEIRSTAD kl.10.30 Gudsteneste under KYRKJELYDSTUR ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer.
18. sep, 18.s. i treeiningstida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer.

Det kan bli endringar. Oppdatert gudstenesteplan finn du alltid på www.balestrand.kyrkja.no